

Til gruppeleiarane i Lindås kommune

vedrørende plassering av ein eventuell ny skule i Alversund.

Ny skule er komen opp som moglege alternativ til rehabilitering av eksisterande, og FAU har i tidlegare notat gjort kjend at vi synest det ville ha vore den absolutt beste løysinga. Vi trur at kost-nytte-effekten vil bli svakare ved rehabilitering, då sjølv medium forbetring krev store ressursar, og ein vil stå att med eit berre *delvis* framtidsretta resultat med dei midlane det har vore snakk om. Med stort håp om nybygg, gjer vi oss følgjande tankar omkring plassering:

1. **Skulen må heilt klart liggje i Alversund, då bygda elles vil miste sitt hjarte.** Vi ønskjer meir liv og puls i bygda – ikkje mindre.
2. **Med håp om, og tru på medfølgjande hall, vil det bli nettopp auka aktivitetsnivå i Alversund.** Det er ikkje langt til Knarvik med bil, men det er langt til fots for dei hundrevis av barn og unge som bur frå Ikenberget og heilt ut til våre skulekringsgrenser i nord. Skule og hall saman vil på mange måtar ha ein positiv synergieffekt på heile bygda.
3. **Størrelsen på bygda (og den vil som kjend ikkje bli mindre), tilseier at vi bør ha skule- og fritidstilbod hjå «oss sjølve».** Med så sentral geografisk plassering og med klare prognosar for folketal, veit vi dette vil bli ein skule for framtida, og vi slepp tenkje risiko kring dette når vi på eine eller andre måten legg ned store investeringar.
4. **...og med grunnlag i ovanståande punkt, ønskjer vi å minne om at Galteråsen ikkje er Alversund.** Dersom ein berre tek omsyn til det praktiske, vil mykje sjølv sagt kunne løysast, td. skuleskyss for dei mange elevane som elles kunne ha gått til skulen sin. Ulempene ved ein evt plassering i Galteråsen, ligg heller i dei store, viktige spørsmåla omkring alt det ein skule fører med seg av (mangel på) nærmiljø. I staden for å bygge opp eit sentrumsmiljø i Alversund, som det *lenge* har vore snakk om, vil ein byggje det ned. Og kva for omgivnader kan Galteråsen elles by på? Etter det vi veit, blir det for det meste industri. Vi tillet oss og å tenkje kritisk rundt ein så stor skule som det ville blitt, både med tanke på leing og drift – og med tanke på svakare grunnlag for erfaringsdeling og felles utviklingsarbeid i Lindås-skulane, då ein så stor skule på mange måtar vil ha heilt andre behov og utfordringar.



5. **Ang. konkret plassering i Alversund, er det ikkje tvil om at noverande tomt er mest tenleg, først og fremst avdi den er så stor. Potensialet mot sør er stort, og endå større no når tilstøytande tomt er kjøpt. I tillegg kan området bak Gabben, etter det vi kjenner til, bli gjort tilgjengeleg, så samanlikna med kva byskular får til på trange område, skulle mulegheitane våre absolutt vere tilstades. Vi synes dessutan det vil vere uheldig dersom den nye gangbrua blir overflødiggjort pga. ny skuletomt...**
- I siste FAU-møte, drøfta vi ulike løysingar ut frå eit av kriteria som har vore nemnd for økonomisk forsvarlegheit, nemleg det at elevane nyttar noverande skulebygg heilt til nytt står klart. Det verkar for oss som at då kan sjølv den største tomt plutselig bli lita, og her må nok dei med fagkompetanse gjere utrekningar og berekningar, så noko detaljar vil ikkje FAU legge seg i veg med på eigenhand. Vi har likevel ein tanke om at eit nybygg med fordel kunne blitt plassert sør på tomta, då i alle fall noko av eksisterande skulebygg vil kunne bli ståande i byggeprosessen. Det vil i så fall vere eit pluss at skulen vil bli bygd inn i terrenget der det pr i dag er ein lite fin skjæring. I tillegg vil ein få opne opp skuleplassen litt mot «verda», og ikkje minst mot den fine utsikta utover sjøen: *Sjølve Alversund*.



Med dette ønskjer vi lukke til i arbeidet med store avgjerdsler. Måtte kloke, framtidretta tankar bli tenkt, og gode løysingar funne. Vi ønskjer og forventar sjølv sagt å bli tatt med vidare i prosessen, og ser fram til drøftingar når meir konkrete løysingar ligg i bordet.

Med venleg helsing FAU, Alversund
v/leiar Thomas Wiik og byggesaksrepresentant Yvonne Ce. Jordal.